

Kunngjering om tilskot til bustadsosialt arbeid i 2013 – kap. 0621, post 63

Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget blir tilskotsordninga for å førebyggje og motarbeide bustadløyse vidareført i 2013.

Alle kommunane i landet kan søkje om tilskot.

Søknadsfrist: 1. februar 2013

Tilskot til bustadsosialt arbeid er del av regjeringa sin handlingsplan mot fattigdom. Hovudmålet er å styrkje og utvikle dei ordinære tenestene i kommunane, slik at dei betre kan ta hand om behovet bustadlause og rusmiddelmissbrukarar har for oppfylgning i bustad.

Viktige innsatsområde i 2013 er

- å redusere bruken av mellombelse butilbod
- å leggje til rette for eit heilskapleg bustadsosialt arbeid lokalt
- å koma med tiltak overfor ungdom og yngre vaksne i etableringsfasen

Vi oppfordrar kommunane til å utvikle samarbeid med friviljuge organisasjonar. Vi legg vekt på at søkjarane skaffar varige butilbod. Når søknadene blir vurderte vil det bli lagt vekt på desse sentrale elementa i det bustadsosiale arbeidet: brukarmedverknad, bruk av individuell plan og vedtak om oppfylgningstenester.

Vi oppfordrar alle søkjarane til å gjere seg kjende med regelverket for ordninga (sjå relatert innhald) og søknadskriteria. Søknadskriteria ligg ved årets søknadsskjema.

Søknadsprosedyrar

Utfylt elektronisk søknadsskjema med eventuelle vedlegg skal sendast til det respektive fylkesmannsembetet. Bydelar og tiltak i Oslo sender søknadsskjemaet gjennom Byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester. Fylkesmannen sender eit prioritert oversyn til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Søknadane blir behandla i møte mellom Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Tilskotsforvaltinga blir i størst mogleg grad samkøyrd med andre tilskot på fattigdomsfeltet forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, og med Husbankens kompetansetilskot.

HUGS at søknader som blir sende per e-post utan godkjend elektronisk signatur, også må sendast inn per brev med underskrift.

Kunngjøring av tilskudd til boligsosialt arbeid i 2013 Kap. 0621 post 63

Med forbehold om Stortingets budsjettvedtak, vil tilskuddsordningen for å forebygge og bekjempe bostedsløshet bli videreført i 2013.

Alle landets kommuner kan søke om tilskudd.

Søknadsfrist: 1. februar 2013.

Tilskudd til boligsosialt arbeid er et ledd i regjeringens handlingsplan mot fattigdom. Hovedformålet er å styrke og utvikle de ordinære tjenestene i kommunene slik at de bedre kan ivareta bostedsløse og rusmiddelmissbrukeres behov for oppfølging i bolig.

Viktige innsatsområder i 2013 er

- å redusere bruken av midlertidige botilbud
- å legge til rette for et helhetlig boligsosialt arbeid lokalt
- tiltak overfor ungdom og yngre voksne i etableringsfasen

Vi oppfordrer kommunene til å utvikle samarbeid med frivillige organisasjoner. Framskaffelse av varige botilbud, brukermedvirkning, bruk av individuell plan og vedtak om oppfølgingstjenester er sentrale elementer i det boligsosiale arbeidet som vil bli lagt vekt på i vurderingen av søknadene.

Vi anmoder om at søkere gjør seg kjent med regelverket for ordningen (se relatert innhold) og søknadskriteriene. Søknadskriteriene ligger vedlagt årets søknadsskjema.

Søknadsprosedyrer

Utfylt elektronisk søknadsskjema med eventuelle vedlegg sendes til respektive fylkesmannsembete. Bydeler og tiltak i Oslo sender søknadsskjemaet via Byrådsavdeling for eldre og sosiale tjenester. Fylkesmannen sender en prioritert oversikt til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Søknadene behandles i møter mellom Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Tilskuddsforvaltningen samkjøres i størst mulig grad med øvrige tilskudd på fattigdomsfeltet forvaltet av Arbeids- og velferdsdirektoratet og med Husbankens kompetansetilskudd.

HUSK at søknader som sendes per e-post uten godkjent elektronisk signatur også må sendes inn per brev.